



Uskedalen har frå før TI-aren CAFE, no har vi også fått Engelen Cafe. Den vart opna i føremiddag utanfor SPAR og etter 4 timar kunne leiinga melda om ein omsetnad på 3.100 kroner. Pengane går til eit svært godt føremål, dei går via Røde Kors til trengande i Somalia. - Dette var storarta, uskedalingane fortener verkeleg ein takk, seier initiativtakar Gudrun Karina Arntsen til uskedalen.no.

Ho er busett i Stavanger og har gjennomført eit likande 'prosjekt' ein gong der. Når ho i dag skulle vitja tanteungane William (6 1/2), Ella Karina (8) og Norah (3) Hjønnevåg i Uskedalen var det naturleg å freista noko liknande her. Og det vart altså suksess.

Bestemor Sella bør også nemnast for det var ho som stod opp tidleg og baka dei velsmakande melkekakene som var sjølve basisen i kafeen. Dei kosta berre 10 kroneer medan det var 5 for brusen og kaffien. Det var også muffins på menyen, men dei gjekk fort unna.

Cafe Engelen var eit forfriskande innslag i laurdagshandelen og bør kopierast av fleirre.

På biletet er Gudrun Karina klår til å ta seg av kundane saman med tanteungane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen